

FRUKTBART SAMSPEL

FRIVILLIGERKLÆRING MELLOM SUND KOMMUNE OG FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR

MÅL

Auka frivillig aktivitet og verdien av den


Korleis skal vi nå målet?

- Sikra forankring frå administrasjon, politikarar og frivillig sektor
- Sjå potensialet i dei frivillige laga
- La frivillige bidra ut frå eigne interesser og kapasitet
- Bruka frivilligerklæringa aktivt i kommunen si dagleg drift

Kva kan vi samarbeida om?

- Kommunen vil yta tilskot til frivillige lag som har aktivitet i Sund
- Kommunen stiller med frivilligkoordinator som kontaktperson for frivillige lag
- Frivilligforum vert arrangert 2 gonger i året som ein viktig og meningsfull møteplass mellom kommunen og alle dei frivillige laga som har aktivitet i Sund
- Dei frivillige kan supplera, men ikkje overta offentlege tenester

Skogsvåg 01/1-18


Ordfører


Sund idrettsråd


Sund folkeakademi



TILTAK FOR Å NÅ MÅLET

Tiltak	Korleis	Ansvar
Oppdatert kontaktinformasjon etter årleg mailliste frå frivilligkoordinator	Dei frivillige laga orienterer om endringar til kulturkontoret, slik at det ligg korrekt informasjon på heimesida til kommunen.	Frivillige lag Kommunen
Frivilligforum 2 gonger i året	Melding til kulturkontoret om ynskje og behov om kurs/ foredragshaldar/ presentasjonar m.m.	Frivillige lag Kommunen
Frivilligkoordinator på kulturkontoret	Ope dør, tlf. og e-postkontakt for spørsmål og rettleiing.	Kommunen
Lån av lokale, både kommunale og private	Skaffa oversikt over lokale til utlån. Nyta portalen <i>Aktiv kommune</i> når den vert operativ	Kommunen Frivillige lag
Arrangementskalender	Leggja inn på Biblioteka i Vest og Aktiv kommune.	Frivillige lag Kommunen
Forenkling av søknadsordningar	Mogleg forenkling av søknads-skjema og rapportering. Alle lag må vera registrerte med org.nr og bankkonto for å få tilskot.	Kommunen
Inkluderande aktivitetar	Invitera med folk som ikkje er medlemmer, men som kan bli det på sikt.	Frivillige lag
Informasjon og marknadsføring	Gjera kjent alt det positive som skjer i Sund gjennom lokalavisa, sosiale media og heimesider.	Frivillige lag Kommunen
Oppfølging	Ei mindre arbeidsgruppe i <i>Fruktbart samspel</i> held fram.	Kommunen Frivillige